


# Biologiske verdier i Lurefjorden og Lindåsosane



Kandidatområde for  
marint vern

R  
A  
P  
P  
O  
R  
T

Rådgivende Biologer AS 2130





# Rådgivende Biologer AS

## RAPPORT TITTEL:

Biologiske verdier i Lurefjorden og Lindåsosane. Kandidatområde for marint vern.

## FORFATTAR:

Christiane Todt, Mette Eilertsen og Linn Eilertsen

## OPPDRAKSGIVER:

Fylkesmannen i Hordaland

## OPPDRAGET GITT:

Desember 2014

## ARBEIDET UTFØRT:

Mai- oktober 2015

## RAPPORT DATO:

27. oktober 2015

## RAPPORT NR:

2130

## ANTAL SIDER:

35

## ISBN NR:

978-82-8308-202-9

## EMNEORD:

- |              |                  |
|--------------|------------------|
| - Naturtypar | - Kronemanet     |
| - Flora      | - Istidsreliktar |
| - Fauna      | - Oksygenfattig  |

## KVALITETSOVERSIKT RÅDGIVENDE BIOLOGER:

Element	Akkreditering
Marin prøvetaking	Akkrediter etter NS-EN ISO/IEC 17025 (2005)
Bløtbnnsfauna	Akkreditert underleverandør Havbrukstjenesten AS
Kjemiske analyser	Akkreditert underleverandør Eurofins Norsk Miljøanalyse AS
Vurdering av resultat	Søkt etter NS-EN ISO/IEC 17025 (2005)
Rapportering	Søkt etter NS-EN ISO/IEC 17025 (2005)

## RÅDGIVENDE BIOLOGER AS

Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen

Foretaksnummer 843667082-mva

Internett: [www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no) E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

Telefon: 55 31 02 78 Telefaks: 55 31 62 75

*Framsidedfoto: Habitat som er vanlege i Lurefjorden: Eng av nesledyret liten piperensar på mudderbotn (øvt), tareskog (nedst til venstre), og fjellvegg med førekomstar av sjøpølse, kalkalgar, kråkeballar og o-skjel (nedst til høgre). Bileta er brukt med løyve frå BKK, og er også brukt i Eilertsen & Haugsøen 2012.*

## FØREORD

Fylkesmannen i Hordaland har starta arbeidet med å etablere marint vern for tre aktuelle kandidatområde i Hordaland. Dette gjeld områda Lurefjorden og Lindåsosane, Korsfjorden og Ytre Hardangerfjorden. Verneforslaga skal sendast på høyring sommaren 2015. I samband med dette er det behov for ei fagleg vurdering og oppsummering av kjente biologiske verdiar i kandidatområda. Rådgivende Biologer AS har fått i oppdrag å utarbeide ein slik kunnskapsstatus for Lurefjorden og Lindåsosane.

Rådgivende Biologer AS takkar Fylkesmannen i Hordaland ved Stein Byrkjeland for oppdraget.

Bergen, 27. oktober 2015

## INNHALDSLISTE

Føreord .....	4
Innholdsliste .....	4
Samandrag .....	5
Marint vern .....	6
Lurefjorden og Lindåsosane .....	7
Biologiske verdiar .....	12
Kunnskapsgrunnlaget .....	12
Habitatmangfald .....	12
Naturtypar .....	14
Flora .....	22
Fauna .....	23
Oppsummering .....	26
Referansar .....	27
Litteratur om Lurefjorden og Lindåsosane .....	29

## SAMANDRAG

Todo, C., Eilertsen, M. & L. Eilertsen.

*Biologiske verdiar i Lurefjorden og Lindåsosane. Kandidatområde for marint vern.*

*Rådgivende Biologer AS, rapport 2130, 35 sider, ISBN 978-82-8308-202-9.*

Kandidatområdet for marint vern «Lurefjorden og Lindåsosane» er om lag 70 km<sup>2</sup> stort, og ligg i kommunane Lindås, Radøy og Austrheim.

*Lurefjorden* er ein markert terskelfjord. Fjordbassenget har eit samla overflateareal innafor sunda (tersklane) på om lag 50 km<sup>2</sup>, fjorden er 26 km lang på det lengste og 2,5 km brei på det breiaste. Fjordsystemet er relativt djupt, med eit største djup på om lag 440 meter. *Lurefjorden* skil seg frå ”vanlege” fjordar ved at den ikkje har ein hovudmunning, men det er ei rekkje større og mindre sund inn til Lurefjorden, kor Radsundet, Fosnstraumen, Kilstraumen og Fonnesstraumen utgjer dei fire viktigaste. *Lindåsosane* ligg aust for Lurefjorden og består av tre pollar: Straumsosen, Spjeldnesosen og Fjellangervågen. Pollane heng saman med Lurefjorden gjennom tre grunne og smale sund med terskeldjup på om lag to meter.

Utvekslinga av vatn mellom Lurefjorden og Lindåsosane skjer ved tidevasstraumar over dei grunne tersklane. I hovudløpet er det laga ei sluse som tidlegare vart brukt til å føre båtar gjennom sundet uavhengig av tidevatnet. Dei smale sunda dempar tidevasskilnaden til 1/3 av skilnaden utanfor (rundt 30 cm). Utskifting av bassengvatnet tek lang tid. Lurefjorden sin isolerte karakter, med relativt grunne tersklar og svært avgrensa avrenning frå land, inneber at den hydrografiske situasjonen i Lurefjorden avvik ein del frå andre nærliggande fjordsystem. Djupvatnet i fjordbassenget heilt ned til botnen har kjøleg overflate kystvatn med noko lågare saltinnhald enn i djupvatnet i fjordane utanfor, og er periodevis oksygenfattig. Delar av Lindåsosane har også oksygenfattige forhold.

Kandidatområdet er svært diverst når det gjeld marine habitat, med ulike typar hard- og blautbotn langs ein djupegradient frå fjæresona til 440 m djup, og med ein stor variasjon i oksygentilhøve i botnvatnet. I Miljødirektoratet sin Naturbase føreligg det 19 lokalitetar med naturtypar knytt til det marine miljøet frå Lurefjorden og Lindåsosane. *Blautbotnsområde i strandsona* utgjer over halvparten av registreringane. I tillegg tilsvaer truleg Lurefjorden naturtypen *oksygenfattig fjord*, og Lindåsosane naturtypen *poll* i DN-handbok 19, sjølv om dei ikkje er avgrensa i Naturbase. Det er svært sannsynlig at det finst ein del *tareskogsførekomstar* i Lurefjorden, og heile fjorden er rekna som *gytefelt for kysttorsk*.

Både fauna og flora i Lurefjorden og Lindåsosane er stort sett representative for beskytta til moderat eksponerte fjordområde på Vestlandet. Nokre få raudlisteartar er registrert, men det som kjenneteiknar kandidatområdet er dei spesielle hydrografiske tilhøva som gjev grunnlag for fleire spesialiserte artar. Botnvatnet i Lurefjorden og i Lindåsosane er kaldt, og artane er tilpassa kaldare vatn. Ishavsåte (*Calanus glacialis*) er eit vanleg dyreplankton i fjorden som ein vanlegvis må til det nordlege Barentshavet for å finne i tilsvarende mengder. Også pungreka *Mysis mixta* og kommakrepsen *Diastylis rathkei sarsi* kan reknast som «istidsreliktar», artar som har vore vanlege i Hordaland under istida, men som forsvann i området på grunn av gradvis auke i temperatur i vatnet. Mangel på lys i Lurefjorden gjer tilhøva dårlege for fleire fiskeslag. Fjorden er difor dominert av kronemaneta *Periphylla periphylla*, som trivst i mørke. I tillegg har Lindåsosane ein lokal sildebestand; Lindås-silda, ein særigein bestand som lever innanfor pollsystemet.

Det har vore mykje forskingsaktivitet i Lurefjorden og Lindåsosane dei siste 50 åra, med Universitetet i Bergen som ein hovudaktør. Forsking på plankton og næringskjeda i vatnet, på kronemaneta *Periphylla periphylla* og på Lindås-silda har også vore av internasjonal interesse. Kunnskapsgrunnlaget om det biologiske mangfaldet er likevel noko mangelfullt. Trass mykje forskingsaktivitet er det gjort få undersøkingar med fokus på kartlegging av det biologiske mangfaldet i Lurefjorden og Lindåsosane.


## MARINT VERN

I 1991 starta arbeidet med kartlegging av eigna marine verneområde i Norge og 36 område for marint vern vart føreslått i 1995 (Brattegard & Holthe 1995). I dag er det tre marine område som er verna i Norge: Framvaren i Vest Agder, Saltstraumen i Nordland og Tautraryggen i Nord Trøndelag.

Marint vern er heimla i naturmangfaldlova, og jf. § 39 kan det opprettast verneområde i sjø for å beskytte marine verneverdiar, også verneverdiar som landlevande artar er avhengige av. Eit sjøområde kan vernast etter fleire kriterier: At det inneheld særeigne eller representative økosystem og er utan tyngre naturinngrep; at det inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur; at det representerer ein bestemt type natur, at det på ein annan måte har særskilt betydning for biologisk mangfald; at det utgjer ein bestemt geologisk førekomst, har særskilt naturvitskapleg verdi, eller har at det har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for ein eller fleire artar.

Verneføremålet kan omfatte verdiar knytt til sjøbotnen, vass-søykla, overflata eller ein kombinasjon av desse. Eit vern etter naturmangfaldlova skal legge til rette for å beskytte området mot tiltak som kan påverke sjøbotn, vassutskifting og straumtilhøve, sidan desse er avgjerande for dei biologiske verdiane.

I Hordaland er det valt ut tre kandidatområde for marint vern: Korsfjorden, Ytre Hardangerfjord og Lurefjorden og Lindåsosane. Dei tre kandidatområda skal bidra til å nå lovfesta mål for områdevern i naturmangfaldlova § 33, som blant anna omfattar å tilfredstille mål om å verne variasjonsbreidd i naturtypar og landskap, samt å ivareta referanseområde for å følgje utvikling i naturen.



**Figur 1.** Seimsfjorden mot Lurefjorden (Bilete: B. Tveranger).

## LUREFJORDEN OG LINDÅSOSANE

Kandidatområdet for marint vern «Lurefjorden og Lindåsosane» er om lag 70 km<sup>2</sup> stort, og ligg i kommunane Lindås, Radøy og Austrheim i Hordaland fylke. Lurefjorden og Lindåsosane ligg nord i den geologiske formasjonen Bergensbuene, som definerer den nordvestlege orienteringa på terrengformasjonane. Ytre delar av Lurefjorden ligg i den flate landskapsformasjonen med låge høgder og oppsprukken struktur, der kystlynghei og sporadisk busetnad med små landbruksområde utgjer mange og små landskapsrom (**figur 2**). Dei indre delane tilhøyrer landskapsregion *Ytre fjordbygdene på Vestlandet* med høgare og skogkledde åsar.



**Figur 2.** Flybilde av øyane Lygra og Lurekalven (bak til venstre) i Lurefjorden. Arealet som er dekkja med kystlynghei på Lygra er verna kulturlandskap og høyrer til Lyngheisenteret (Museumssenteret i Hordaland). (Bilete: M.J. Steinsvåg)

Lurefjorden er bunde saman med Fedjefjorden og Fensfjorden gjennom lange og grunne sund i nordvest og nord, og i sør munnar fjorden ut i det lange Radsundet, og vidare gjennom Alverstraumen og Kvernafjorden i Salhusfjorden/Osterfjorden/Sørfjorden-systemet. Lurefjorden strekker seg 16 km frå nordvest til søraust og utgjer ei beskytta indre skipsleid som er mykje nytta av mindre og mellomstore fartøy. Frå Kilstraumen i nord til Alverstraumen i sør er leida 32 km lang.

### **Morfologi og vassutskifting**

*Lurefjorden* er ein markert terskelfjord. Fjordbassenget har eit samla overflateareal innafor sunda (tersklane) på om lag 50 km<sup>2</sup>, fjorden er 26 km lang på det lengste og 2,5 km brei på det breiaste. Fjordsystemet er relativt djupt, med eit største djup på om lag 440 meter. Samla vassvolum er anslagsvis 6,5 km<sup>3</sup> (Golmen 1991).

*Lurefjorden* skil seg frå ”vanlege” fjordar ved at den ikkje har ein hovudmunning, men det er ei rekkje større og mindre sund inn til Lurefjorden, kor *Radsundet*, *Fosnstraumen*, *Kilstraumen* og *Fonnesstraumen* utgjer dei fire viktigaste. Desse straumsunda er smale og har grunne tersklar.



Radsundet er ca. 13 kilometer langt og endar i Kvernafjorden. Det er fleire grunne og smale parti i dette sundet. Ved Bruknappen er sundet ca. 125 meter breitt og 30 meter djupt. Fosnstraumen er truleg det viktigaste sundet med omsyn til vassutskifting i Lurefjorden. Dette sundet er ca. 200 meter breitt og 25 meter djupt ved Bøneset. Kilstraumen under brua ved Utkeila er ca. 50 meter brei og 10 meter djup. Det fjerde straumsundet er Fønnesstraumen, som er eit langstrakt og smalt sund, om lag 60 meter breitt og 20 meter djupt i området 300 meter sør for brua som går over sundet.

*Lindåsosane* ligg aust for Lurefjorden og består av tre pollar: Straumsosen, Spjeldnesosen og Fjellangervågen. Pollane heng saman med Lurefjorden gjennom tre grunne og smale sund med terskeldjupne på om lag to meter. Straumsosen med 65 meters djup heng saman med Spjeldnesosen (89 meter) gjennom eit sund med terskeldjupne mindre enn 20 meter. Frå Spjeldnesosen til Fjellangervågen (80 meter) er det ein lang og smal kanal med mindre enn to meters djup.


Utvekslinga av vatn mellom *Lurefjorden* og *Lindåsosane* skjer ved tidevasstraumar over dei grunne tersklane. I hovudløpet er det laga ei sluse (**figur 3**), som tidlegare vart brukt til å føre båtar gjennom sundet, uavhengig av tidevatnet. Dei smale sunda dempar tidevasskilnaden til 1/3 av skilnaden utanfor (rundt 30 cm). Fornyng av botnvatnet i Straumsosen og Spjeldnesosen kan skje i kalde periodar om vinteren når overflatevatnet er kaldt og har høgt saltinnhald. Utskifting av bassengvatnet tek lang tid, sidan det er så lite vatn som renn inn ved kvart tidevatn.



**Figur 3.** Slusene inn til Lindåspollane (Bilete: Geir Helge Johnsen).

*Lurefjorden* sin isolerte karakter, med relativt grunne tersklar og svært avgrensa avrenning frå land, inneber at den hydrografiske situasjonen i Lurefjorden avvik ein del frå andre nærliggande fjordsystem. Djupvatnet i fjordbassenget heilt ned til botnen er fylt opp med kjøleg overflate kystvatn med noko lågare saltinnhald enn i djupvatnet i fjordane utanfor (**figur 4**). I dei innanforliggende Lindåsosane kan saltinnhaldet i overflatevatnet i nedbørrike periodar vere endå lågare, med under 20 ‰, medan tilhøva ned til botnen også der har eit saltinnhald på om lag 32-33 ‰.






**Figur 4.** Temperatur-, saltinnhald- og oksygenprofilar ved det djupaste i Lurefjorden målt den 21. februar 2013 (frå Tveranger & Johnsen 2013).

Oksygeninnhald i djupvatnet i Lurefjorden er målt ei rekkje gongar mellom 1980 og 2013 (Tveranger 2013), og sjølv om datagrunnlaget er varierende og det manglar oksygenmålingar for fleire år i denne perioden, er det sannsynlig at full vassutskifting i Lurefjorden skjer ein til to gongar kvart tiår. Delvis vassutskifting og blanding av overflatevatn med djupare vasslag skjer oftare på grunn av intern vertikalstraum i fjordsystemet (Golmen 1991).

Målingane av oksygen i djupvatnet er sporadiske, med opptil 9 år mellom nokre av målingane, men det er tydeleg at det i perioden mellom 1990 og 1999 har skjedd jamlege delvise utskiftingar av djupvatnet (**figur 5**). Mellom 1999 og 2010 har det sannsynlegvis vore færre eller ingen slike, medan det i 2010 har vore ein tilnærma full utskifting igjen. Den førre dokumenterte utskiftinga var i 1990. Dei lågaste nivåa som var målt mellom mai 2008 og januar 2010, skuldast sannsynlegvis ikkje auka belastning på djupvatnet i Lurefjorden, men indikerer auka opphaldstid og sjeldnare utskifting i denne perioden (Tveranger & Johnsen 2013).


**Figur 5.** Oksygeninnhald i bassengvatnet på om lag 400 m djupne ved det djupaste i Lurefjorden i perioden 1980 – 2013 (frå Tveranger & Johnsen 2013). Grensene for tilstandsklassar etter SFT 97:03 (Molvær m. fl. 1997), som tilsvarear rettleiar 02:2013 (Direktoratsgruppa Vanndirektivet 2013), er markert. Tilstand I (= meget god) er beste tilstand.



Straumsosen ligg ytst og er difor generelt meir oksygenrik, men vatnet her har også periodar med oksygenfritt og sulfidhaldig botvatn. Fornyng av botvatnet i Spjeldnesosen skjer først etter at vatnet i Straumsosen er fornya opp til terskelnivået mellom dei to bassenga på 20 meters djup. Her er vatnet mykje meir stagnert, med sulfid høgare opp i vassmassane. Botvatnet her blir berre fornya med fleire års mellomrom i spesielt kalde vintrar. Fjellangervågen, som ligg inst, har permanent oksygenfritt botvatn, med høgt sulfidinnhald opp til om lag 20 meters djup.

Periodevist lågt oksygeninnhald påverkar også sedimentkvalitet og samansetting av fauna ved det djupaste i Lurefjorden, og desse tilhøva har vore undersøkt jamleg sidan 1980 (**figur 6**).

Prøvestaden ligg i eit relativt flatt område, der sedimentkvaliteten viser liten variasjon over tid. Andelen silt og leire har i heile perioden vært svært høg, medan glødetap stort sett har vore opp mot 30 %. Kvaliteten på sedimentet, uttrykt som glødetap ved det djupaste i Lurefjorden, vært relativt stabil sidan 1980, med eit naturleg og svært høgt glødetap i heile perioden, medan diversiteten av blautbotnfauna dei siste åra har vore prega av lågare oksygeninnhald (Tveranger & Johnsen 2013).



**Figur 6.** Glødetap i sedimentet (til venstre) og artsdiversitet av blautbotnfauna (til høgre) ved det djupaste i Lurefjorden i perioden 1980 – 2013 (frå Tveranger & Johnsen 2013).



**Figur 7.** Flybilette av kystlandskapet i Lurefjorden utanfor Lindåsosane. (Bilette: M.J. Steinsvåg.)





**Figur 8.** Kandidatområdet Lurefjorden og Lindåspollane.

# BIOLOGISKE VERDIAR

## KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Det føreligg nokså god kunnskap om kvalitetane knytt til biologiske verdiar i Lurefjorden og Lindåsosane. Forskingsaktivitet har føregått i Lurefjorden og Lindåsosane frå 1973 og fram til i dag. Dei siste åra har forskinga hovudsakleg omhandla artane sild og kronemanet.

I Lurefjorden er det utført 11 resipientgranskingar, det er utgitt 30 vitenskaplege publikasjonar om kronemanet og andre maneter (inkl. kam-maneter), og 4 publikasjonar om zooplankton. Til saman er det til no 36 publikasjonar frå vitenskapleg arbeid i Lurefjorden (sjå litteraturliste).

I Lindåsosane er det ikkje utført resipientgranskingar eller liknande undersøkingar, men det er utgitt 17 publikasjonar om plankton og neuston, 17 publikasjonar om sild, 13 publikasjonar om botndyr, 7 publikasjonar om planteplankton, 6 publikasjonar om sedimenttilhøve, 4 publikasjonar om eincella organismar i sedimentet, og 2 publikasjonar om vatn og hydrografi. Til saman er det til no 67 publikasjonar frå vitenskapleg arbeid i Lindåsosane.

I tillegg er det gjennomført kartlegging av biologisk mangfald i dei aktuelle kommunane. Naturtypekartlegging etter DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007) er utført for Lindås kommune av Bysveen & Overvoll (2004) med supplerande kartlegging av Flynn & Gaarder (2013). I Austrheim er det også utført to rundar med kartlegging (Moe 2003 og Gaarder mfl. 2004), og tilsvarande på Radøy (Isdal & Overvoll 2004 og Gaarder & Larsen 2008). Det er også gjennomført kartlegging av marine naturtypar etter DN-handbok 19 (Direktoratet for naturforvaltning 2007) i delar av Lurefjorden. Dette vart utført av Norsk institutt for vannforskning (NIVA) i samband med den nasjonale kartlegginga av marint biologisk mangfald i 2010. Registreringane frå desse undersøkingane er tilgjengeleg i Miljødirektoratet sin Naturbase (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>).

I tillegg føreligg det ein del registrerte artar i Artsdatabanken sitt Artskart frå influensområdet (<http://artskart.artsdatabanken.no>).

## HABITATMANGFALD



Kandidatområdet er svært diverst når det gjeld marine habitat, med forskjellige typar hard- og blautbotn langs ein djupnegradient frå fjæresona til 440 m djup, og med ein stor variasjon i oksygentilhøve i botnvatnet (**figur 9 og 10**). Lurefjorden er eit fjordsystem med dels bratte skrånningar og fjellhyllar kor sediment kan samle seg i forskjellig grad, og dette, saman med varierende straumforhold, fører til ein detaljrik mosaikk av habitat.

I strandsona finst det strandberg, med blokker og steinar, eller blautbotn, oftast mudder og finsand, som kan romme naturtypar som blautbotnområde i strandsona (I08 i DN-handbok 19), samt strandeng og strandsump (G05 i DN-handbok 13). På grunt vatn (ned til 20 meter) er det ulike algesamfunn som dominerer, men også ålegras. Algane veks både på hardbotn, på sedimentbotn og blandingsbotn med mudder, stein og daude skjel, medan ålegras har behov for sedimentbotn som substrat for å kunne etablerast. Algebestandene og ålegras er opphaldsstad for fiskeyngel og levestad for ein rik fauna av virvellause dyr som dels finst direkte på plantane og dels på botn eller gravande i sedimentet.

I område med mykje straum kan tareførekomstar med eit mangfald av assosiert flora og fauna vere dominerande, og filtrerande dyr som svamp, sekkedyr og nesledyr dekker berg der straumen er særskilt sterk, og kor algar ikkje klarar å feste seg.


På større djup (20 m og djupare) er blautbotn den mest vanlege naturtypen. Det finst ein del mindre areal med særskilt grov til fin skjelsand, dels blanda med mudder eller grus. Sedimentet vert finare med aukande djup, og finsand, silt og leire er vanleg i dei djupaste delane av fjordbassenga.



**A:****B:****C:****D:****E:****F:**

**Figur 9.** Ulike habitat som er karakteristiske for Lurefjorden og Lindåsosane. **A:** Fjellvegg med svartstjerner. **B:** Fjellvegg med førekomstar av sjøpølse, kalkalgar, kråkebollar og o-skjel. **C:** Stein med flekkar av bl.a. den blå svampen *Hymedesmia paupertas* og skorpeforma kalkalgar. **D:** Stortare og kråkebolle. **E:** Små raudalgar på mellomfast skjelsand-grusbotn. **F:** Skjelsandbotn med stortare, svartstjerne, raudalgar og brunalgar. (Bilete er nytta med løyve frå BKK, og er også nytta i Eilertsen & Haugsøen 2012.)


A:




B:



C:



D:



**Figur 10.** Bileter av ulike blautbotntypar som finnast i Lurefjorden og Lindåsosane. **A:** Små raudalgar på sandbotn. **B:** Blautbotn med skjelrestar. **C:** Eng av nesledyret liten pipereksar på relativt oksygenrik mudderbotn. **D:** Oksygenfattig mudderbotn med fjørekomstar av fjorbørstemakken *Oxydromus flexuosus*. (Bilete er nytta med løyve frå BKK, og er også nytta i Eilertsen & Haugsøen 2012.)

## NATURTYPAR

Lurefjorden og Lindåsosane inneheld fleire naturtypar som er vurdert som «spesielle naturtypar» i Direktoratet for Naturforvaltning (no Miljødirektoratet) sine handbøker om kartlegging av biologisk mangfald. I DN-handbok 19, som omhandlar marine naturtypar, skal store areal eller bestandar av desse naturtypane vurderast som svært viktige (A-verdi) og mindre areal eller bestandar som viktige (B-verdi). I tilfelle der eit areal eller bestand ikkje når opp i prioriteringa, men likevel har lokal betyding, kan lokaliteten vurderast som lokalt viktig (C-verdi). I DN-handbok 13 om kartlegging av naturtypar på land, som omfattar fjøresona, er det også vanleg å bruke desse tre nivåa av verdisetting.

I Miljødirektoratet sin Naturbase føreligg det 19 lokalitetar med naturtypar knytt til det marine miljøet frå Lurefjorden og Lindåsosane (**tabell 1**). Blautbotnsområde i strandsona utgjer over halvparten av registreringane. I tillegg er det viktig å vere klar over at både fjorden og pollane er viktige naturtypar etter DN-handbok 19, sjølv om dei ikkje er avgrensa i Naturbase. Meir informasjon om dei ulike naturtypane som finst i Lurefjorden og Lindåsosane kjem i det følgjande kapitlet.



**Tabell 1.** Registrerte naturtypar i Naturbase i Lurefjorden og Lindåsosane (mai 2015).

Områdenavn	IID	Naturtype	Kode	Areal (daa)	Verdi
Skrubholmen	BN00072775	Blautbotnsområde i strandsona	I08	67	viktig (B)
Hestholmen	BN00072777	Blautbotnsområde i strandsona	I08	12	viktig (B)
Lauvøyna	BN00072778	Blautbotnsområde i strandsona	I08	12	viktig (B)
Bøholmen	BN00072848	Blautbotnsområde i strandsona	I08	6,1	viktig (B)
Veråsstraumen	BN00072849	Blautbotnsområde i strandsona	I08	15	viktig (B)
Skårnessundet	BN00072850	Blautbotnsområde i strandsona	I08	2,9	viktig (B)
Furuholmen	BN00072851	Blautbotnsområde i strandsona	I08	27	viktig (B)
Dragevika	BN00072852	Blautbotnsområde i strandsona	I08	24	lokalt viktig (C)
Dagøyholmene	BN00072853	Blautbotnsområde i strandsona	I08	15	lokalt viktig (C)
Børsundet	BN00072854	Blautbotnsområde i strandsona	I08	32	viktig (B)
Engholmen	BN00072856	Blautbotnsområde i strandsona	I08	42	viktig (B)
Ådnøyini	BN00072857	Blautbotnsområde i strandsona	I08	50	lokalt viktig (C)
Ådnøyini	BN00072858	Blautbotnsområde i strandsona	I08	60	lokalt viktig (C)
Risasjøen	BN00072859	Blautbotnsområde i strandsona	I08	43	lokalt viktig (C)
Taulevågen, Radøy	BN00032918	Ålegrassamfunn	I11	274	viktig (B)
Kvalvågen	BN00015038	Ålegras/alge-undervannseng	G02	0,9	lokalt viktig (C)
Vågen	BN00001090	Strandeng og strandsump	G05	3,4	lokalt viktig (C)
Fisketangen	BN00014988	Strandeng og strandsump	G05	6,9	lokalt viktig (C)
Vaulen	BN00001089	Brakkvasspollar	E08	10	viktig (B)

### Oksygenfattig fjord

Fjordar som i periodar inneheld mindre enn 2 ml/l oksygen i botnvatnet vurderast etter DN handbok 19 som viktig naturtype (B-verdi), medan alle større eller mindre undersjøiske basseng med permanent oksygenfritt botnvatn vurderast som ein svært viktig naturtype (A-verdi). Dyresamfunn i oksygenfattige fjordar er spesielle fordi kun artar som tåler slike tilhøve vil overleve. Sedimentet i fjordar med oksygenfritt botnvatn er fritt for gravande organismar og difor heilt uforstyrta over tid. Sedimentet fungerer dermed som eit «arkiv», der historiske opplysingar om tilhøva i fjordane er bevart.


Lurefjorden og Lindåsosane (Lindåspollane) er registrert som vasstype «oksygenfattig fjord» i Vann-Nett ([www.vannett.no](http://www.vannett.no)). Botnvatnet i Lurefjorden (på ca. 400 m djup) har vist låge til svært låge oksygenverdiar ved diverse granskningar frå 1980 til 2013 (**figur 5**; sjå Tveranger 2013 for ein omfattande diskusjon). Oksygennivået var på det lågaste i perioden 2008-2010 med rundt 2-2,5 mlO<sub>2</sub>/l mens innhaldet auka til 4,5-5,5 mlO<sub>2</sub>/l etter utskifting av botnvatnet (påvist mai/juni 1990; vinter 1998/1999; våren/sommaren 2010). **Figur 5** viser ein tendens til minka oksygeninnhald i periodar kor det var lite utskifting, men ein må vera merksam på at målingane vart tekne ved ulike årstider, og at målingar for fleire år manglar. I Seimsfjorden, på ca. 240 m djup inst i Lurefjordsystemet, var oksygennivået i botnvatnet gradvis redusert frå 3,81 ml O<sub>2</sub>/l i 2002, til 2,7 ml O<sub>2</sub>/l i 2008 og 1,3 ml O<sub>2</sub>/l i 2013 (Johnsen & Sundfjord 2003, Johnsen & Trannum 2013, Tveranger m. fl. 2008). Her manglar det målingar etter utskiftinga våren/sommaren 2010, kor verdiane i ein periode truleg var høgare.

Seimsfjorden, og til ein viss grad heile Lurefjorden, fell dermed innanfor grenseverdiane for ein **viktig lokalitet** (B-verdi) med oksygenfattig fjord (I03 i DN-handbok 19), sjølv om den ikkje er registrert i Naturbase. Fjellangervågen, som er den inste pollen i Lindåsosane og omtrent 80 m djup, har permanent oksygenfritt botnvatn med høgt sulfidinnhald opp til om lag 20 meters djup (Heggøy m. fl., 2005). Den vurderast dermed som **svært viktig** naturtype (A-verdi). Fjellangervågen er ikkje inkludert i kandidatområdet for marint vern for Lurefjorden og Lindåsosane.

## Pollar

Pollar (I05) er marine eller brakkvassbassenger med ein innsnevra opning og grunn terskel. Pollar har avgrensa vassutskifting og kan vere særskilte i høve til fysiske og biologiske eigenskapar. Ofte er saltinnhaldet lågt i overflatevatnet eller heilt ned til botn. Lindåsosane er nemnt som døme på denne naturtypen i DN-handbok 19. Det er eit relativt stort pollsystem (ca. 7 km<sup>2</sup>), i Vann-Nett inkluderer vassførekomsten «Lindåspollen» også området mellom Risøyna og Straumsosen, med talrike små brakkvass- og sjøvasspollar som i ulik grad er avgrensa frå dei større pollane Straumsosen, Spjeldnesosen og Fjellangervågen.


Naturtypen **brakkvasspoll** er registrert ved Vaulen (**figur 11**). Vaulen er eit brakkvassbasseng i Austrheim som har kontakt med sjøen gjennom ein ca. 20 m lang tidevasskanal. Høgdeskilnad i høve til havnivå er ein knapp meter, og sjøen går difor dagleg inn i bassenget ved høgt tidevatn. Vatnet er likevel innestengt med dårlig utskifting, noko som medfører eit oksygenfattig miljø. I dette brakkvassmiljøet er havgras karakteristisk, og planten veks helst noko ned i vatnet. Havgras finst i store mengder, og kan difor også opptre flytande på overflata. Pølstar er ein karakteristisk art på leirjord i dette brakkvatnet. Naturtypen brakkvasspoll er ein sjeldan naturtype i fylket og lokaliteten er vurdert som **viktig** (B-verdi).



**Figur 11.** To område av nasjonal interesse i Austrheim, nord i Lurefjorden: brakkvasspollen Vaulen, og strandsump i Vågen (markert i raudt; ålegras er kjent frå heile Vågen) (frå <http://kart.naturbase.no>).

## Blautbotnsområde i strandsona

Område med blautbotn i strandsona (I08) finst over heile landet, men større blautbotnområde er sjeldne. Blautbotnen består av mudder og/eller sand som ofte vert tørrlagt ved lågvatn. Områda husar ein eigen fauna av virvellause dyr som lever nedgravne i botnen, og er viktige som beiteområde for sjøfugl og som rasteplassar under trekkperioden. I Naturbasen er det registrert 14 blautbotnsområde nord for Lindåsosane, mellom Risasjøen og Straumsosen (**tabell 1 og figur 12-14**). Heile området har mange små grunne bukter og sund med blautbotn, og dette området har truleg ein viktig økologisk funksjon. Ni av områda er vurdert som **viktige** (B-verdi) og fem som **lokalt viktige** (C-verdi).



**Figur 12.** Kart som viser lokalitetar med blautbotnområde i strandsona i området ved Risasjøen. Lys grønn skravering markerer område som er lokalt viktige (C-verdi), mørk grønn skravering markerer område som er vurdert som viktige (B- verdi) (frå <http://kart.naturbase.no>).

### Strandeng og strandsump

Strandeng og strandsump (G05) er ein naturtype som i all hovudsak vert avgrensa og verdisett på grunnlag av karplanteførekomstar, men naturtypen overlappar ofte med, eller grensar til, blautbotnområde i strandsona. Naturtypen opptrer i overgangen mellom land og sjø, og er eit viktig habitat både for landlevande og marine organismar. Naturtypen kan ha fleire utformingar, og ein kan grovt sett skilje mellom strandeng og strandsump. Strandenger er ofte prega av beite eller slått, og er dominert av salttolerante engartar. Denne utforminga av naturtypen er i sterk tilbakegang og er vurdert som nær trua (Lindgaard & Henriksen 2011). Strandsump opptrer gjerne på område med lausare og fuktigare substrat og er meir prega av helofyttar eller sumpvegetasjon. Typisk for strandsumpar er også eit visst tilsig av ferskvatn. Det er to registrerte område med strandeng og strandsump i Lurefjorden (**tabell 1**). Inst i Seimsfjorden ved Hoplandsvågen er det ved Fisketangen registrert eit område med C-verdi (Flynn & Gaarder 2013). Heilt inst i vågen, på sørvestsida av Bakkøyne, er det eit anna brakkvasspåverka sumpområde som også er vurdert å ha C-verdi. Antakeleg finst det fleire lokalitetar med denne naturtypen i Lurefjorden og Lindåsosane.





**Figur 13.** Blautbotnområde i strandsona ved ein av dei talrike sjøvasspollane i området nord for Vaulevika (BN00072859 Risasjøen) under synfaring 26.5.2015 (bilete H.E. Haugsøen).



**Figur 14.** Blautbotnområde med strandsump og strandeng i området nord for Vaulevika (BN00072859 Risasjøen) under synfaring 26.5.2015 (bilete H.E. Haugsøen).





**Figur 15.** Strandeng og strandsump ved Fisketangen. Området er vurdert å ha C-verdi. (Frå <http://kart.naturbase.no>).

I tillegg til dei registrerte lokalitetane av strandeng og strandsump er det talrike og mindre grunne sjøvasspollar med ein randsone av strandsump og/eller strandeng, spesielt i området nordvest for Lindåsosane. Også fleire av vågane rundt Lindåsosane har grunne areal med mindre bestand av strandeng og strandsump og her blandar sjøvatnet seg ofte med mykje ferskvatn frå små bekkar.


### Ålegrasenger og andre undervassenger

Undervassenger omfattar grunne sund (2-5 m djup) og beskytta bukter med sand- og mudderbotn og meir eller mindre brakkvasspåverknad. De karakteriserast av nokre få karplanteartar, som vanleg ålegras (*Zostera marina*) og dvergålegras (*Zostera noltii*). Større førekomstar av undervassenger er uvanlege og dels sjeldne. Naturtypen inneheld fleire spesialiserte artar og samfunn med rik biodiversitet og er ofte viktige skjulestader for yngel og næringsområde for fisk, krepsdyr og sjeldne fugleartar. I Lurefjorden er det registrert to ålegrasenger i Taulevågen (Radøy) (**figur 16**) og Kvalvågen, som er vurdert som **viktig** (B-verdi) og **lokalt viktig** (C-verdi). Gaarder mfl. (2004) viser også til undervasseng i dei djupare delane av Vågen, på sørvestsida av Bakkøyna, men denne bestanden er ikkje verdisett.

Det er truleg fleire førekomstar av ålegraseng i tilknytning til dei mange blautbotnsområda i strandsona eller på registrerte lokalitetar av strandeng og strandsump, men dette har ikkje blitt granska vidare.

### Sterke tidevasstraumar

Det er ingen registreringar av denne naturtypen i kandidatområdet frå før, men i dei fire hovudmunningane inn i Lurefjorden er det sterke tidevasstraumar som kan kvalifisere til denne naturtypen. Slike tronge sund har ofte ein hardbotnfauna som skil seg frå nærliggjande botnområde med mindre straumeksponering. Det kan vere få artar, men stor individtettleik. Kolonidannande artar som sjøpungar, mosdyr og nesledyr kan vere dominerande, saman med svamp. Dyresamfunn i straumsunda i Lurefjorden er ikkje kartlagt, og det er difor vanskeleg å anslå verdien av desse områdene men ein kan anta at det er nokre areal, spesielt rundt Fosnstraumen, som minst er lokalt viktige (C-verdi).



**Figur 16.** Store delar av Taulevågen er dekkja med ålegraseng og området er vurdert som viktig (B-verdi) (frå <http://kart.naturbase.no>).

### Tareskogsførekomstar

Tareskog består av ulike tareartar der stortare (*Laminaria hyperborea*) og sukkertare (*Saccharina latissima*) er dei viktigaste. Tareskogar er viktige for kysten og kan skildrast som undersjøiske regnskogar (**figur 17**). Dei er nokre av dei mest produktive økosystem på kloden (Abdullah & Fredriksen 2004), og forsyner eit rikt samfunn av algar og dyr med næring (Vetter 1995).

Det biologiske mangfaldet av virvellause dyr og algar som nyttar taren som substrat er høgt (Christie et al. 2003), og tareskog er viktige oppvekstområde for større fisk, bl.a. kysttorsk (Norderhaug et al. 2005). Tareskogsbotn er svært vanleg langs norskekysten, men er vurdert som ein nær trua (NT) naturtype i Norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard og Henriksen 2011), på grunn av negativ bestandsutvikling. Sukkertareskog i Nordsjøen er vurdert som sårbar (VU), noko meir truga enn tareskogsbotn.

Tronge sund med sterk straum, som Radsundet, Fosnstraumen, Kilstraumen og Fønnesstraumen, kan ha ein godt utvikla tareskog. Det føreligg imidlertid ingen registreringar av tareskog i Lurefjorden i Naturbase og ein må anta at areal dekkja med tareskog i området er relativt små. I samband med ei konsekvensutgreiing vart Lurefjorden granska langs moglege trasear for sjøkablar og ved ilandsettingsområde med videolede og ROV (Eilertsen & Haugsøen 2012). Ved Saltvika og Kastevågen vart det registrert førekomstar med tareskog, men desse vart ikkje avgrensa. Kor store førekomstar med tareskog det er i Lurefjorden er difor ukjent, men antakeleg dreier det seg om viktige og lokalt viktige lokalitetar (B- og C-verdi).





**Figur 17.** Tareskogen er eit artsrikt og produktivt habitat. (Bilete er døme på tareskog i Hordaland: venstre bilete frå Moster, høgre frå Tyssøyna; tatt av M. Eilertsen, 2014).

### Gytefelt for kysttorsk

Kysttorsken finst frå inst i fjordane og ut til eggakanten. Dette er i hovudsak ein botnfisk, men han kan også opphalde seg dei opne vassmassane i periodar under beiting og gyting. Merkeforsøk har vist at torsk i fjordar kan vere særst stadbundne, og føretek i liten grad lengre vandringer. Bestanden av kysttorsk på Vestlandet har dei siste åra vore sterkt redusert, og forvaltninga har satt i verk tiltak for å bevare kysttorsken. Fiskeridirektoratet sitt regionkontor har såleis ei "føre var" haldning i høve til tiltak som kan representere ein trussel mot fisken sin gytesuksess. Gytebestanden har hatt ein nedgang over lang tid, med dårleg rekruttering dei siste tiåra. Gjennomsnittet for gjenfangst av torsk (0 gruppe og eldre torsk) for 2012 og 2013 er langt under langtidsgjennomsnittet (Bakketeig mfl. 2014). Kysttorsken gyt i perioden februar til april, både inne i fjordane og i skjergarden, der den vel beskytta område.

Gyting føregår typisk på 20-60 m djup, og egga har nøytral oppdrift noko ned i vassøyla, ofte under brakkvasslaget, men likevel stort sett i dei øvste 30 m av vassøyla. For at ein fjord skal halde på sin eigen lokale kysttorsk, er det viktig at egg og larvar blir verande inne i fjorden (at retensjonen er høg). Torskeegg som vert gytt på kysten vert spreidd med kyststraumen langs kysten over eit mykje større område enn egg som vert gytt i fjordane. Egg klekkjer etter 2-3 veker, og torskelarven er då omtrent 4 mm lang og har ein plommesekk som gjev næring den første veka. Etter ytterlegare to til tre månader botnslår yngelen på grunt vatn øvst i tang- og tarebeltet (0-20 meter) og dei kan då vere nesten 5 cm store.


Ein stor del av Lurefjorden og Straumsosen i Lindåsosane er registrert som gytefelt for torsk i Fiskeridirektoratet si karttjeneste (<http://kart.fiskeridir.no>). Dei ulike gytefelta er avmerka i **figur 18**. Gytefelta i Straumsosen og Lurøyfjorden, som omfattar mellom anna djupområda i Lurefjorden, har høg eggrettleik og -retensjon og er klassifisert som nasjonalt viktige gytefelt (A-verdi) (**tabell 2**).

**Tabell 2.** Gytefelt for kysttorsk i kandidatområdet for marint vern, Lurefjorden og Lindåsosane. Data er henta frå fiskeridirektoratet si karttjeneste, <http://kart.fiskeridir.no>.

Gyteområde	eggtettleik	eggretensjon	BM verdi
Lurøyfjorden	høg (3)	høg (3)	A, nasjonalt viktig gytefelt
Straumsosen	høg (3)	høg (3)	A, nasjonalt viktig gytefelt
Rissaosen-Aust av Njøten	mellom (2)	høg (3)	B, regionalt viktig gytefelt
Hoplandsosen	mellom (2)	høg (3)	B, regionalt viktig gytefelt
Sør av Hundvåkholmen	låg (1)	låg (1)	C, lokalt viktig gytefelt

Der er i tillegg registrert nokre generelle **gyteområde for fisk**. Informasjon om desse gyteområda er samla inn av Fiskeridirektoratet sine regionkontor basert på intervju av i hovudsak fiskarar.

Her vart det rapportert inn fisk med rennande rogn eller fiskerogn på havbotn (til dømes silderogn). Områda er gytefelt for sild i Straumsosen, og gyteområde for sild og andre fiskeslag i Lureosen, Risaosen og Aust for Njøten.



**Figur 18.** Gytefelt for kysttorsk og andre fiskeslag i kandidatområdet for marint vern, Lurefjorden og Lindåsosane (<http://kart.fiskeridir.no>). Gyteområde for andre fiskeslag i Straumsosen, Lureosen, Risaosen, og aust for Njøten er markert i grått.

## FLORA

Floraen i fjæresona og gruntvassområda i Lurefjorden og Lindåsosane er stort sett representativ for beskytta til moderat eksponerte fjordområde på Vestlandet. Her er det sauetang, blæretang og grisetang som dominerer fjæresona, samt et sublitoralt belte av sagtang, oftast med rikhaldig påvekst av trådforma raud- og grønalgar.

